

Alversund sokneråd
Kykjevegen 1
5911 ALVERSUND
E-postadresse: alversund@lindas.kyrkja.no

Til gruppeleiarar i dei politiske partia i kommunestyret i Lindås kommune

Det er i desse dagar eit halvt år sidan opninga av Knarvik kyrkje. Etter ei fantastisk førjulstid, med mange flotte arrangement, har det daglege livet i kyrkja å kome i godt gjenge. Det er gudsteneste i kyrkja kvar søndag, og gjennomsnittleg frammøtetel har hatt ei positiv utvikling. Til kyrkjelege handlingar og andre arrangement har det store kyrkjerommet allereie vist seg å vere svært tenleg. På ettermiddags- og kveldstid blir kyrkja nytta av tre ulike kor, og undervisning av 90 konfirmantar har funne stad der i vår. Kyrkja har vorte ein viktig arena for konsertar. Det nye orgelet, som Trond Mohn har gitt til kyrkja, skal monterast i august og september. Sjølv om kyrkja er stengt i denne perioden, ligg det alt inne reserveringar for 18 konsertar fram til nyttår.

Vi er svært takksame for løyvingane som gav rom for å få realisert kyrkja i Knarvik. Vi opplever å ha fått mykje positiv merksemd etter at kyrkja stod ferdig. Vi både håpar og trur at det vil vise seg å vere ei god investering, ikkje berre for det området som soknar til Knarvik, men òg for regionen elles, at vi har fått ei så flott kyrkje på plass.

Også utanfor regionen vår har kyrkja blitt lagt merke til. Arkitekten bak kyrkja har nyleg vore i USA og motteke ein pris for det vakraste kyrkjebygg i verda i 2014. Kyrkja har endåtil vore å sjå på den store skjemen på Times Square i New York! Dei som står bak arkitekt-konkurransen, der Knarvik kyrkje fekk pris, har leigd reklameplass til dei utkåra bygningane! Kyrkja er vidare omtala i dei største avisene i Noreg, samt i blad som er opptatt av byggeskikk og interiør. I slutten av juni kjem 90 arkitektstudantar frå USA på besøk. Dei skal vere to dagar i Noreg, og har valgt ut Knarvik kyrkje som eitt av bygga dei vil sjå.

Alversund sokneråd har sett ned ei gruppe som skal arbeide med å ferdigstille andre byggetrinn i kyrkja. I underetasjen vil det bli lagt til rette for eit vidt spekter av aktivitetar for barn og ungdom. I tillegg blir det lokale for møteverksemd og til utleige.

Det vil vere eit løft å få på plass finansiering til underetasjen. Arbeidsgruppa har hatt møte med rådmann Ørjan Raknes Forthun. Det vart då gitt ei orientering om planane framover, og drøfta om det kan lage seg å få ein kommunal garanti for lånet som skal takast opp. Kyrkjelyden vil sidan sørge for ei drift som betalar lånet ned. Ein lånegaranti vil gjere det lettare å få lån, anten i ein lokal bank, eller om mogleg i Kommunalbanken, slik det er for resten av kyrkja.

Me vonar de vil ta dette spørsmålet opp til vurdering i partigruppa dykkar. Me er tilgjengelege for spørsmål. Me vil med glede gje dykk ei omvisning i kyrkja for å vise kva planar me har frametter.

Knarvik, 26. mai 2015

Øystein Aamli
Soknerådsleiar